



## ULEFOSS ROTARY KLUBB

# REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
26. april	2018	Liv Sonja Flolid

Desse møtte: Ola V, Irene, Hermann, Miklos, Per S, Asbjørn, Svein Tore, Jan L, Bjørn E, Nils, Einar, Ragnar, Egil, Bardur, Harald og Liv Sonja. Arvid Sten Kaasa fra Uranienborg Rotaryklubb gjesta oss denne kvelden.



Brigader Sigurd Hellstrøm

Dagens gjest var Brigader Sigurd Hellstrøm og dette var tema for foredraget hans: **Hvor går forsvaret? Et kritisk blikk på det norske forsvaret.**

Hellstrøm var tilsett i forsvaret fra 1964 til 2006. Han var mellom anna stasjonert i Nord-Noreg i lang tid og har elles vore sjef for Hærens Stabsskole og Forsvarets Stabsskole. Var også forsvarsattaché i Paris ein periode. Sidan Hellstrøm gjekk av i 2006, så er det hans eigne tankar om dagens forsvar han vil snakke om.

Den beste forsvarssjefen Noreg har hatt, meiner Hellstrøm, var Bull-Hansen, som gjekk bort for 3 veker sidan. Det er alltid ueinigheter om budsjett; forsvarssjefen har si mening, og Stortinget ei heilt anna. Likevel fastslo Stortinget at forsvarssjefen var i sin fulle rett til å påpeike dei manglar han mente budsjettet inneholdt, men det betydde slett ikkje at han fekk

medhald hos politikarane. Sverre Diesen, derimot, laga sine modeller for forsvaret etter dei pengane han fekk, og ikkje etter det behovet som var. No har forsvarssjefen og hans medarbeidarar flytta inn i departementet. Det heiter på fint: «Integritt strategisk leiing». Etter dette forsvann mykje av «kampen» mot departementet. Så gjekk det jamnt nedover med forsvaret, det vart skåre ned på både personell og økonomi.

Før muren fall hadde Noreg 320 000mobiliserings-disponerte, men så «vann» jo Vesten og Nato den kalde krigen, Sovjet fall og nedbygginga av forsvaret starta. No er alle desse mobiliseringsbrigadane borte. Etter 2002 merka ein at noko var på gong i Nord-områda. Russarane bygde opp igjen! Finnane oppretthaldt eit sterkt mobiliseringsnettverk etter muren sitt fall, i motsetnad til Noreg. I dag er alle dei nordiske landa med i «Nordic Defence Operation», anten dei er Nato-medlemmer eller ikkje. Dette er eit samarbeidsforum – også på operative forhold.

Noreg har drive med korttidsplanlegging, og dermed mista kompetanse som det er krevjande å bygge opp igjen. Utanlandsoppdraga har hatt fokuset dei siste åra. Dette har gitt mange interessante erfaringar, men har det hjelpt på korleis ein skal løyse nærområde-problematikken?

I langtidsplanen som regjeringa la fram i fjor, skrytte dei av at den var historisk. Men all den tid det har vore smalhans på budsjettfronten i så mange år, skal det mange gode budsjett til for å komme opp igjen på akseptabelt nivå. Landforsvaret er därleg.

Nato-landa skal auke sine budsjett slik at dei er på 2 % av BNP. Nils Holme har laga ei studie som heiter «På vei mot et realistisk forsvar». Der seier han at 2 % betyr ei auke på 2,5 milliardar pr. år, noko som vil gje ei tredobling av operativ kapasitet fram mot 2024!

Underfinansieringa gir holar overalt, og alle dei politiske partia gjekk inn for dette målet i fjor: 2 % av BNP!



Så tok Hellstrøm for seg manglane i forsvarsgrisen etter forsvarsgrisen, og fortalte om der dei no skal gå til innkjøp av nytt materiell, som til dømes helikopter i Luftforsvaret og ubåtar i Sjøforsvaret. Spesielt er han bekymra for manglende kapasitet i Nord. Om nedlegginga av sjøforsvarsbasar, om flyttinga frå Andøya til Evenes. Kvifor skal dei bruke Ørlandet som base for dei nye F-35 jagarane, kvifor ikkje Bodø? Han fortalte om garasjeanlegget dei først planla for dei nye F-35 jagarflya, eit anlegg

som fienden kunne ha utradert med ein enkel operasjon! Men slik vart det sjølv sagt ikkje, då dei fekk tenkt seg betre om ...

Det finnes ei eiga cyberforsvarsgrisen, på Jørstadmoen, og den er godt utbygd. Men elles er koordineringa for därleg mellom Forsvaret og samfunnet for øvrig. Eit av hjarteborna til Hellstrøm er Heimevernet. Han var brigadesjef her frå 1998. Ei svelteföra avdeling, no nede i 40 000 mann. Desse trener no på kontrakt nokre dagar i året. Men Hellstrøm skryt av noverande general – han har mot til å seie ifrå!

Noreg har ikkje lenger eit mottakssystem for dei styrkane som skal komme oss til unnsetning frå andre Nato-land. Dette MÅ på plass igjen. Han meiner me må ha eit truverdig forsvar dersom ein situasjon oppstår. Alliansen (Nato) må ha tru på at me kan stille opp med materiell og mannskap. Svært viktig å vise for eksempel Russland at me har eit truverdig forsvar!

Dette var eit tankevekkande og interessant foredrag. Me takkar Brigader Hellstrøm for kvelden!

Nils vann vinen og Jan L. fekk napp!



En fornøyd brigader Hellstrøm med to flotte damer!

